

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
102/17	Formannskapet	PS	23.11.2017
112/17	Kommunestyret	PS	14.12.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	17/1684

Gebyr- og betalingssatsar for 2018

Vedlegg :

Gebyr- og betalingssatsar 2018 Kommunal saksførebuing til budsjett 2018 - gebyr
renovasjon Kommunal saksførebuing til budsjett 2018 - gebyr slam

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingssatsar for 2018 slik det ligg føre i saka.
- Endringane gjeld frå 01.01.2018

Formannskapet - 102/17

FO - behandling:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Endingane gjeld frå 01.01.2018, *for pleie og omsorg 01.02.2018*.
Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingssatsar for 2018 slik det ligg føre i saka.
- Endringane gjeld frå 01.01.2018, *for pleie og omsorg 01.02.2018*.

Kommunestyret - 112/17

KO - behandling:

Framlegg om tillegg til innstillinga frå formannskapet:
Formannskapet får ein gjennomgang av gebyrsakene i andre møte i 2018.

Innstillinga med tillegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

- Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingssatsar for 2018 slik det ligg føre i saka.

- Endringane gjeld frå 01.01.2018, for pleie og omsorg 01.02.2018.
- Formannskapet får ein gjennomgang av gebyrsakene i andre møte i 2018.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Saka gjeld den årlege justeringa av gebyr- og betalingssatsar for Lindås kommune.
Alle satsane for dei aktuelle forvaltningsområda er samla i eitt hefte.

Vurdering:

Sentrale endringar for 2018:

Oppvekst.

- Skulefritidsordninga (SFO): satsane generelt auka med 3%.
- Barnehage: nokre satsar auka med 6,6 %

Pleie- og omsorgstenester.

- Heimebaserte tenester: satsane er generelt auka med om lag 2,7%
- Institusjonsopphald:
 - Framlegg til eigenbetaling for dagopphald Kr. 139 ,- pr dag.
 - Eigenbetalinga kan ikkje overstige kommunen sine egne utgifter.
Eigenbetaling dekker kostnader til mat og transport.
 - Brukar med innvilga dagopphald får inntil to måltider pr dag.

Frukost/lunch og middag kr 101,-

+ Transport tur/retur kr 38,-

= kr 139,- pr dag

- Grunngjeving for framlegg til betalingssats er sjølvkost for frukost og middag og sats for offentleg transport kr 19,- ein veg.

Vatn, avløp, feiing og renovasjon.

- Renovasjon: Ei gjennomsnittleg auke med om lag 20%. Satsane vart sett i representantskapsmøte 13.11.2017.
- Etter at RenoNorden AS gjekk konkurs hentar NGIR inntil vidare avfallet i eigen regi. Kostnaden med dette er kalkulert på grunnlag av avtalar og erfaringsdata per 15.10.17. Kostnaden er kalkulert til kr 52 per abonnent høgare enn anbodet som vart rangert som nr. 2. Det ligg føre planar for å setja transporttenesta ut på anbod frå ca. 01.09.18, men det er for enkelhets skuld budsjettert med kostnader for eigen drift for heile året.
- Størstedelen av kostnadsauken skuldast nedgong i næringsavfall. Dette fører til at kostnadsfordeling mellom hushald og næring endrar seg (t.d. faste kostnader som avskrivning, vedlikehald m.m). Slike kostnader vert fordelt mellom hushald og næring utifrå tal tonn avfall som vert handsama og med færre tonn næringsavfall vert hushalda belasta for ein større del av desse kostnadene.
- I perioden NGIR hadde kontrakt med RenoNorden har abonnentane spart 4-5 millionar kroner i forhold til dersom RenoNorden ikkje hadde gjeve det lågaste

tilbodet. Dersom RenoNorden ikkje no hadde gått konkurs, ville auken i renovasjonsgebyret vore om lag 4,3 % frå 2017 til 2018.

Gebyrforskrift for teknisk forvaltningsteneste (DEL2) – byggesak, plan, landbruk og geodata

- Det er gjort mindre tekstjusteringar.
- Det er lagt inn regulering for konsumprisindeks på 1,6 % på Arealplan og Byggesak.
- Landbruk og Geodata har inga auke av gebyra.

Pkt.4.1 Betalingsplikt og –tidspunkt.

Teksttillegg i 3.avsnitt. Plan. Tillegg er i hovudsak lagt til som følgje av endringane i plan og bygningsloven 30.juni 2017, der kommunen får plikt til ein tydelegare dialog tidleg i planprosessen. Kommunen kan tidlegare frårå eller stoppe initiativ til planframlegg. Prinsippet er at gebyr vert fakturert snarast etter ein aktiv handling hos kommunen.

Pkt.4.9 Redusert gebyr.

Som følgje av erfaringar om urimeleg høge gebyr, vert dette punktet innført.

Pkt.7.2.1. Obligatorisk oppstartmøte.

Prisen endra då ressursbruken til oppstartmøte er blitt vesentleg auka som følgje av endringane i plan- og bygningslova i 30.juni 2017.

Pkt.7.2.7 Avvist plansak.

Punktet er innført som følgje av endringane i plan- og bygningslova 30.juni 2017. Endringane i plandelen har medført at kommunen får plikt til ein tydelegare dialog tidleg i planprosessen. Kommunen kan tidlegare frårå eller stoppe initiativ til planframlegg.

Pkt.10.1.1 Basisgebyr bygg.

Landbruksbygg vert skilt ut frå andre type næringsbygg. Dei er mindre kompliserte å saksbehandle.

Pkt.14. Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (Lov om eigarseksjonering av 16.06.17 nr 65 § 15).

Eigarseksjonslova vart endra 16.juni 2017. Som følgje av lovendringane vart det høve til å ta gebyr for saksbehandling. Tidlegare var gebyra styrt av statlege rettsgebyr. Vurdering av kommunens ressursbruk og konferanse med samanliknbare kommunar har gitt grunnlagstala.